

FORSKNING OG FORSØK I LANDBRUKET

15 OKT. 1982

BIND 33 - 1982 - HEFTE 1

RESEARCH IN NORWEGIAN AGRICULTURE

INNHOLD

	Side/Page
Kåre Hesjedal Arter av rotsutbiller i jordbærfelt og deira naturlege vert- planter <i>The weevil species in strawberry fields and their natural host- plants</i>	1
Trude Wicklund & Kjell Steinsholt Hyperfiltrering av saft fra fryselagrede surkirsebær <i>Hyperfiltration of juice made from frozen sour cherries</i>	13
Gudmund Taksdal Granulerte insektmiddel i vekstida mot stor kålfluge (<i>Delia flo- ralis</i> Fallén) i kålrot <i>Granulated insecticides used in the growing season to control the turnip root fly (<i>Delia floralis</i> Fallén) in swedes</i>	19
Steinar Dragland Nitrogenfordeling til sein kvitkål <i>Timing of N-application to late cabbage</i>	27
Rolf Nestby Effekt av plantetidspunkt på fire jordbærkultivarer <i>Effect of time of planting on four strawberry cultivars</i>	37
Steinar Dragland Virkninger av tørkeperioder på kålrot <i>Effects of drought at different growth stages of swedes</i>	43

760

UTGITT AV STATENS FORSKINGSSTASJONER I LANDBRUK

Norsk institutt for skogforskning

Biblioteket

P.B. 61 - 1432 ÅS-NIH

Redaksjonskomité:

Forskar Johannes Thorsrud (redaktør)
Professor Birger Opsahl
Forskar Gudmund Taksdal

Ekspedisjon og abonnement:

Statens fagtjeneste for landbruket,
Moervn. 12, 1430 Ås.
Tlf. (02) 94 13 65.

Postgirokonto nr. 5 05 37 80.

Tidsskriftet kostar kr 30,00 pr. år for norske,
og kr 50,00 for utanlandske abonnentar.

Research in Norwegian Agriculture

Research in Norwegian Agriculture contains technical reports on research and experiments carried out at the official experiment stations, research institutes and other institutions. The journal is published up to 8 times a year. Annual subscription 50 Norwegian kroner.

The journal is published by The Norwegian State Agricultural Research Stations.

Correspondence and subscription:
Government Guidance Service for Agriculture,
Moervn. 12, N-1430 ÅS, NORWAY.

Arter av rotsnutebiller i jordbærfelt og deira naturlege vertplanter

Kåre Hesjedal, Ullensvang Forsøksgard,
5774 Lofthus, Melding nr. 56.
Ullensvang Research Station,
N-5774 Lofthus, Norway. Report No. 56.

Hesjedal, K. 1982. The weevil species in strawberry fields and their natural host-plants. *Forsk. Fors. Landbr.* 33: 1—11.

Key words: Rootweevils, distribution, host-plants, strawberry.

The different weevil species and their distribution in strawberry fields in Western Norway are reported. Seventeen species within 8 families were recorded in strawberry fields, but only 8 species occurred as pest species. These were *Otiorrhynchus arcticus* Fabr., *O. scaber* L., *O. porcatus* Hbst., *O. singularis* L., *O. ovatus* L., *O. sulcatus* Fabr., *Sciaphilus asperatus* Bond., and *Barynotus squamosus* Germ. Plant species within 29 genera were recorded as natural host plants for the weevils.

Ulike rotsnutebillearter og utbreiinga deira i jordbærfelt på Vestlandet er registrert. I alt er 17 arter fordelt på 8 slekter registrerte i jordbærfelta, og av desse kan 8 arter fordelt på 3 slekter karakteriserast som alvorlege skadegjerarar. Desse er *Otiorrhynchus arcticus* Fabr., *O. scaber* L., *O. porcatus* Hbst., *O. singularis* L., *O. ovatus* L., *O. sulcatus* Fabr., *Sciaphilus asperatus* Bond. og *Barynotus squamosus* Germ. Planter frå 29 ulike slekter er registrerte som vertplanter for rotsnutebiller.

Innleiing

Jordbær dyrkinga på Vestlandet har i dei seinare åra vore sterkt skadelidande på grunn av åtak av rotsnutebiller i jordbærfelta. Kva arter av rotsnutebiller som er skadegjerarar, kva planteartar dei er knytte til og korleis dei kjem inn i jordbærfelta har vore lite granska i denne landsdelen. Denne granskinga er ei registrering av arter av rotsnutebiller som gjer skade i jordbærfelt på Vestlandet. Det blir gjeve ei oversikt over planteartar som rotsnutebillene kan ernæra seg på. Vidare er eit jordbærfelt planta på svart plast samanlikna med undervegetasjonen i ein frukthage som oppformeiringsstader for rotsnutebiller.

Granskinga er finansiert av Norges Landbruksvitenskapelige Forskningsråd.

Materiale og metodar

Granskinga vart utført i åra 1979—81. Over 60 lokalitetar frå Rogaland til Sunnmøre var med i registreringa frå jordbærfelta. Vaksne rotsnutebiller vart samla ved handplukking og fallfellefangst, og larver og pupper ved oppspading av planter for vidare utvikling i laboratoriet. Det innsamla materialet er presentert i ei oversikt saman med tidlegare funn av dei same artene i Sør-Noreg henta frå Samlingane ved Zoologisk museum, Universitetet i Bergen, medrekna Andreas Strand si samling og journalar.

Fallfeller på 250 ml med øvre diameter 7 cm vart brukt til innsamling i jordbærråkrar og i vegetasjonen rundt jordbærfelta i 1981 på 8 lokalitetar i Hordaland, frå Askøy til Indre Hardanger. Fellene sto på same staden i perioden 26. mai—1. oktober, og vart tømde kvar 14. dag. I kvart tilfelle var det 10 feller i åkeren og like mange i vegetasjonen utanfor.

Naturlege vertplanter er undersøkt ved å samle med bankehov frå buskar og tre, og med handplukking og oppspading av planter frå undervegetasjonen. Planter som dei vaksne billene kan ta til seg næring frå og planter med larver av rotsnutebiller på røttene, er definerte som vertplanter. Hausten 1980 vart larver registrerte i undervegetasjonen i ei 5 år gamal epleplanting i Ullensvang. I 1978 vart tre år gamle jordbærplanter som mellomkultur i denne epleplantinga fjerna og feltet tilsådd med beitefrøblanding. Ved registreringa i 1980, vart plantearter og dekningsgrad notert for 13 ruter à $\frac{1}{4}$ m² tilfeldig fordelte i feltet. Larver vart samla i 2 skikt, 0—10 cm og 10—20 cm i kvar rute. For å få eit måltal for vertplanteval pr. arealeining, er prosent dekningsgrad pr. rute der planten er representert, multiplisert med gjennomsnitt tal larver (%) innan same rutene. Jordbærfeltet i epleplantinga gjekk før 1978 over i ei naboplanting av søtkirsebær, der jordbærfeltet vart fornya våren 1978. I 1979—80 vart det ikkje nytta insektmidlar i jordbærfeltet. Hausten 1980 vart 24 tilfeldig fordelte jordbærplanter oppspadd med ca. 20 cm djupn, og tal larver pr. m² jordbærseng vart samanlikna med tal larver pr. m² undervegetasjon i epleplantinga.

Resultat og drøfting

Funn av rotsnutebiller er synt på utbreiingskarta, fig. 1. Herad med funnstader er oppført i tab. 1. Artene i kvart område på utbreiingskarta finst i dei fleste høve på fleire lokalitetar innan området. Vaksne *Baryphithes pellucidus* finn ei oftast i perioden juni—august. Vaksne individ av dei andre artane finn ein frå mai til oktober. Av slekta *Otiorrhynchus* er det registrert 9 arter i jordbærfelta. Av desse er *O. arcticus*, *O. scaber*, *O. porcatus*, *O. singularis*, *O. ovatus* og *O. sulcatus* alvorlege skadegjerarar. Det same gjeld *Sciaphilus asperatus* og i enkelte høve *Barynotus squamosus*. Dette er vist både ved innsamling av vaksne individ og ved utvikling av innsamla larver og pupper. *O. sulcatus*, veksthussnutebilla, er vanlegast utbreidd og er den alvorlegaste skadegjæraren i jordbærfelta. Arten er relativt stor og har høg formeiringsevne (Stenseth 1979). *O. porcatus*, karsesnutebille, og *O. ovatus*, liten jordbærrotsnutebille, har på Vestlandet stort sett same utbreiing som veksthussnutebilla. Desse ar-

Tabell 1. Lokaliteter på Vestlandet der det er samla inn rotsnutebiller i jordbærfelta i åra 1979—81.

Table 1. Localities in Western Norway where weevils in strawberry fields were collected during 1979—81.

Herad Township	Tal lok- alitetar Nos. of localities	Fauna område Faunal division	EIS	Herad Township	Tal lok- alitetar Nos. of localities	Fauna område Faunal division	EIS
Stavanger	1	Ry.	7	Osterøy	1	HOy.	40
Finnøy	3	Ry.	14	Granvin	1	HOi.	41
Hjelmeland	8	Ri.	14	Ulvik	1	HOi.	41
Tysvær	3	Ry.	13, 14	Balestrand	3	SFi.	50
Vindafjord	1	Ry.	14	Leikanger	1	SFi.	50
Etne	3	HOi.	23	Jølster	1	SFy.	59
Kvinherad	3	HOi.	23, 31	Gloppen	3	SFy.	67
Kvam	2	HOi.	31	Stryn	4	SFi.	68
Ullensvang	19	HOi.	32	Lorddal	8	LKi.	77
Askøy	1	HOy.	39				

tene er mindre og har lågare formeiringsevne enn veksthusnutebilla (Hesjedal upubl.). I litt eldre felt eller i felt der det tidlegare har vore jordbær, førekjem dei likevel ofte i stort tal. *O. arcticus*, nordleg snutebille, og *O. scaber*, rogne-snutebille, er ikkje så vanleg utbreidd i jordbærfelta, men kan likevel gjera svært stor skade der dei førekjem.

O. singularis, knoppsnutebilla, er ikkje registrert i jordbærfelta lenger nord enn Hordaland. Denne arten finn ein som vaksen ofte oppe i lauvtre. Arten kan gjera skade på nyplanta fruktte (Schøyen & Jørstad 1956, Hesjedal 1979).

S. asperatus, heggesnutebilla, og *B. squamosus*, skjelkledd snutebille, kan vera talrike, men er aldri dei mest dominerande artene i jordbærfelta. I denne undersøkinga er ikkje heggesnutebilla funnen som skadegjerar lenger nord enn Hordaland, medan skjelkledd snutebille er vanleg over heile Vestlandet.

O. dubius, stor jordbærrotsnutebille, er den arten det finnst flest registreringar av frå ulike lokalitetar i Sør-Noreg. I denne undersøkinga er derimot denne arten funnen som vaksen i berre 4 jordbærfelt, og då med nokre få individ kvar gong. Frå innsamla larver og pupper har ein ikkje fått arten klekka.

O. salicis, seljesnutebille, er særleg knytt til lauvtre som vaksne, og er berre funnen i jordbærfelt på to lokalitetar der jordbær er mellomkultur i nyplantingar av fruktte.

O. rugifrons er funnen som vaksen på berre ein lokalitet, og saman med artene *B. pellucidus*, *Brachysomus ecinatus*, *Strophosomus melanogrammus*, *Barynotus obscurus* og *Tropiporus obtusus* er han lite viktig som skadegjerarar i jordbærfelta.

Sitona flavescens er funnen i fleire jordbærfelt i Hordaland, men aldri i stort tal. Arten er truleg mest knytt til kvitkløver i og utanfor felta.

Fallfellefangstane i Hordaland syner at *O. porcatus*, *O. sulcatus* og *O. scaber* er dei mest vanlege utbreidde og mest talrike artane i jordbærfelta på dei 8 lokalitetane (tab. 2). Utanfor felta er det også talrike funn av *O. singularis* i frukthagar i Kinsarvik og Lofthus. På dei lokalitetane som hadde feller

Tabell 2. Fallfellefangst av rotsnutbiller i (A) jordbærfelt og (B) engvegetasjonen utanfor felta.

Table 2. Pitfall-trapping of weevils in (A) strawberry fields and (B) grass-land around the fields.

Lokalitet Locality		<i>O. porreatus</i>	<i>O. sulcatus</i>	<i>O. singularis</i>	<i>O. salicis</i>	<i>O. scaber</i>	<i>O. ovatus</i>	<i>O. dubius</i>	<i>B. squamosus</i>	<i>B. obtusus</i>	<i>S. flavescens</i>	<i>S. asperatus</i>	<i>B. ecinatus</i>
Askøy	A	51	8	1		1			1				
Osterøy	A	2		1		2			1		1		
"	B	1				3			1		15		
Strandebarm	A	6	25								2	1	
"	B	30	41	7							32	3	
Norheimsund	A	5	5		1								
Ulvik	A	7	1			2	1	2					
"	B		1			5		1					
Kinsarvik	A	14		3	1	17				1			
"	B	47		46	3	41	8		4	8		5	
Lofthus I	A	7				8	1		1	1	1	1	
"	B	103		50			16		3	1	3	10	3
Lofthus II	A	5				3	1						
"	B	11		65		11		1					
SUM	A	97	39	5	2	33	3	2	3	2	4	2	0
	B	192	42	168	3	60	32	2	8	9	50	18	3

både i og utanfor felta, utgjorde fangstane inne i åkrane berre 17 % av totalfangsten. Årsaka til denne skilnaden er truleg at det dei siste åra har vore nytta azinphos-methyl om våren og til dels også om hausten i desse felta. Ei mogeleg anna forklaring er at jordbærplantene er svært gode vertplanter for billene og at dei dermed er meir stasjonære på desse plantene.

Rotsnutbillene har ikkje flygevinger og kan berre flytta seg til fots. Granskinga syner då klårt korleis billene kjem inn i jordbærfelta. På lokaliteten Lofthus I (tab. 2), er det til dømes 8 ulike arter til stades i vegetasjonen rundt feltet, og 7 av desse finn ein og inne i feltet.

I dei fleste jordbærfelt er nok billene til stades alt når feltet vert planta. Tab. 3 syner vertplantene som er registrerte i denne granskinga. Vertplantevalet femner over eit vidt spekter av dei høgare plantene.

Rein eng ser i praksis ut til å vera lite tiltrekkjande for billene. Dette blir også delvis stadfesta i tab. 4, der eit relativt lågt tal larver var knytt til grasarter, sjølv om desse hadde høg dekningsgrad. Av konstansprosentane (tab. 4) går det likevel fram at vegetasjonen i dette høvet ikkje kan samanliknast med rein eng, då det her er så mange ugrasplanter til stades. I tillegg er det frukttre som dei vaksne billene av fleire arter kan ernæra seg på.

Tabell 3. Vertplanter for rotsnutebiller.
 Table 3. Some host plants for rootweevils.

Plantart <i>Plant species</i>		Registrert næringsopptak <i>Registered food consumption</i>	
		Larver	Vaksne
		<i>Larvae</i>	<i>Adults</i>
Graminae	- enkelte grasarter (some species)	x	
Pinaceae	- furuarter	x	
<i>Salix</i> spp.	- seljearter		x
<i>Corylus avellana</i>	- hassel		x
<i>Quercus</i> sp.	- eik		x
<i>Urtica dioica</i>	- stornesle	x	
<i>Rumex</i> spp.	- syrearter	x	x
<i>Ranunculus</i> spp.	- soleiearter	x	x
<i>Cardamine</i> spp.	- karsearter	x	x
<i>Saxifraga</i> spp.	- sildrearter	x	x
<i>Ribes nigrum</i>	- solbær	x	x
<i>Prunus</i> spp.	- kirsebær og hegg		x
<i>Malus</i> sp.	- eple		x
<i>Pyrus</i> sp.	- pære		x
<i>Sorbus</i> spp.	- rogn		x
<i>Rubus</i> spp.	- bringebær og bjønnbær	x	x
<i>Fragaria</i> sp.	- jordbær	x	x
<i>Filipendula ulmaria</i>	- mjødukt	x	x
<i>Alochemilla</i> spp.	- markåpe	x	x
<i>Rosa</i> spp.	- roser	x	x
<i>Trifolium</i> spp.	- kløverarter	x	x
<i>Geranium pratense</i>	- engstorknebb	x	
<i>Epilobium</i> spp.	- mjølkearter	x	x
<i>Aegopodium podagraria</i>	- skvallerkål	x	x
<i>Vaccinium uliginosum</i>	- blåbær	x	x
<i>Primula</i> spp.	- nøkleblomarter	x	x
<i>Veronica</i> spp.	- veronikaarter	x	x
<i>Sonchus arvensis</i>	- åkerdylle	x	x
<i>Taraxacum</i> spp.	- løvetannarter	x	

Av larvene i epleplantinga held 86 % seg i skiktet 0—10 cm, og berre 14 % i skiktet frå 10—20 cm nedi jorda. Fylgjeleg tok få larver til seg næring frå røtene på frukttræa. I denne vegetasjonen var det 89 larver pr. m², medan det i jordbærfeltet var 214 larver pr. m² dobbeltrad. Skilnaden er statistisk sikker på 5 % nivået. I dette området var det fram til 1978 svært like tilhøve. Dei to siste åra var den eine delen av feltet tilsådd med engfrøblanding, medan resten av feltet framleis hadde jordbær planta i svart plast. Billeartene på dette arealet var *O. porcatus*, *O. ovatus*, *O. scaber*, *O. singularis*, *S. asperatus*, *S. flavescens*, *B. squamosus* og *B. obtusus*. Det er uråd å skilja desse artene i larvestadiet om hausten. Samanlikninga syner at jordbærfelt er ein betre oppformeringsstad for rotsnutebiller enn vegetasjonen utanfor. Likevel er ein slik blandingsvegetasjon som under denne epleplantinga ein godt eigna oppformeringsstad for rotsnutebiller, noko det er viktig å ta omsyn til når ein lagar til nye jordbærfelt.

Tabell 4. Relasjon mellom larver og plantearter pr. areal.
 Table 4. The relationship between larvae and plant species pr. area.

Planteart <i>Plant species</i>		K	D	L	F
Graminae	- nokre grasarter (some species)	61,5	50,0	17,9	12,6
<i>Ranunculus acris</i>	- engsoleie	23,0	73,3	36,0	37,2
<i>Cardamine pratensis</i>	- engkarse	7,7	30,0	53,0	22,4
<i>Trifolium pratense</i>	- raudkløver	7,7	10,0	17,0	2,4
<i>Geranium pratense</i>	- engstorkenebb	7,7	50,0	8,0	5,6
<i>Aegopodium podagraria</i>	- skvallerkål	15,3	7,5	28,0	3,0
<i>Lamium purpureum</i>	- raudtvitann	7,7	5,0	0	-
<i>Matricaria matricarioides</i>	- tunbalderbrå	7,7	20,0	0	-
<i>Taraxacum</i> spp.	- løvetannarter	84,6	46,8	25,5	16,8

K = Konstansprosent

Constancy

D = Dekningsgrad

Ground cover (%)


L = Tal larver pr. rute der planten er representert.

The number of larvae pr. square where the plant species is represented.


$F = \frac{D \times L}{\sum (D \times L)} \times 100.$ = Tal larver (%) pr. planteart pr. rute.

The number of larvae (%) pr. plant species pr. square (1/4 m²).


Figur 1 Oversiktskart som syner registreringane av ulike artar av rotsnutebiller i Sør-Noreg. ● = jordbærfelt på Vestlandet, 1979—81. ▲ = tidlegare registreringar.
 Figure 1. Maps showing the registrations of weevils in Southern Norway. ● = strawberry fields in Western Norway, 1979—81. ▲ = earlier registrations.




Otiorrhynchus porcatus Hbst.




Otiorrhynchus singularis L.




Otiorrhynchus sulcatus Fabr.




Otiorrhynchus arcticus Fabr.




Otiorrhynchus dubius Ström.




Otiorrhynchus scaber L.




Otiorrhynchus rugifrons Gyll.




Otiorrhynchus salicis Ström.




Otiorrhynchus ovatus L.





Brachysomus echinatus Bonsd.





Baryphites pellucidus Boh.



Sciaphilus asperatus Bonsd.




Strophosómus melanográmmsus Forst. *Barynotus obsórus* Fabr.



Barynotus squamósus Germ.

Tropíphorus obtúsus Bonsd.



Sitona flavescens Marsh.

Litteratur

- Hesjedal, K. 1979. Rotsnutebiller på frukttr. Gartneryrket, 69:1014.
Hesjedal, K. 1981. Temperaturen sin verknad på populasjonar av rotsnutebiller i jordbærfelt. Forsk. Fors. Landbr. 32:7—12.
Schøyen, T. H. og Jørstad, J. 1956. Skadedyr og sykdommer i frukt og bærhagen 4. utg.: 14. Aschehoug & Co., Oslo.
Stenseth, C. 1979. Effects of temperature on development of *Otiorrhynchus sulcatus* (Coleoptera: Curculionidae). Ann. appl. Biol. 91:179—185.

(Mottatt 22.2.82 og godkjent 31.3.82).



Hyperfiltrering av saft fra fryselagrede surkirsebær

Trude Wicklund og Kjell Steinsholt, Meieriinstituttet, Norges landbrukshøgskole, 1432 Ås-NLH.

Dairy Research Institute, Agricultural University of Norway, 1432 Ås-NLH, Norway.

Wicklund, T. and K. Steinsholt, 1982. Hyperfiltration of juice made from frozen sour cherries. *Forsk. Fors. Landbr.* 33: 13—18.

Key words: *Prunus cerasus*, sour cherries, hyperfiltration, concentration, juice.

Juice was produced from freeze stored sour cherries with and without addition of pectinase before processing. The two types of juice were hyperfiltrated in a DDS laboratory unit.

Sixty percent of water was removed. Ten percent of the malic acid passed through the membranes while the loss of colour and ascorbic acid was negligible.

Diluted concentrates and untreated juice were compared on an equal basis of total solids. pH in the dilutions averaged 3.4 compared to 3.2 in the juice. The flavour of the dilutions was, however, scored equally high as the flavour of the juice. Pretreatment with pectinase did not increase the yield of juice and was detected as a slight off-flavour in diluted concentrates.

Saft av fryselagrede surkirsebær ble fremstilt med og uten forbehandling med pektinase, og konsentrert ved porsjonsvis hyperfiltrering.

Seksti prosent av vannet i safta ble fjernet. Ca. ti prosent av epleस्या gikk tapt. Bare ubetydelige mengder fargestoff og C-vitamin gikk over i filtratet.

pH var 3,2 i safta mot 3,4 i fortynnet konsentrat med samme tørrstoffinnhold som safta. Den mindre surheten ble også observert ved smaks-bedømmelse. Smaks- og aroma-kvaliteten var imidlertid god.

Det kunne ikke påvises noen gunstig virkning av pektinase.

Innledning

I de seineste 10—15 åra har det vært økende interesse for dyrking av surkirsebær. Vesterheim (1973, 1977) har i en serie arbeider behandlet dyrking, sortsutvalg, lagringsforhold og utnyttelse, og Juul (1979) har skrevet et sammendrag av arbeider av både norske og utenlandske forskere med særlig vekt på bruksmåter. Situasjonen for surkirsebær er at dyrking ligger godt til rette

for klimaforholda i aktuelle dyrkingsområder her i landet, avkastinga er tilfredsstillende og plantevernproblema få. Det har imidlertid ikke lyktes å finne industriell anvendelse for surkirsebæra her på tross av at det i f.eks. Danmark brukes store mengder til syltetøy, saft, likør og vin. Det foregår for tida en del import av kirsebær som er spesialbehandlet for bruk i sammensatte produkt som yoghurt, spiseis og bakverk.

Norske surkirsebær er av fullgod kvalitet, og det burde ikke være noe i veien for å bruke disse til blandingsprodukter. Videre burde det også kunne skapes et marked for slike bær i husholdningen hvor det nok også er et betydelig forbruk fra egen produksjon.

Det er den sterke fargen og den kraftige smaken hos en del sorter av surkirsebær som gjør dem velegnet til mange formål. Meieriinstituttet har flere laboratoriemoduler for hyperfiltrering, og vi har vært interessert i å undersøke stabiliteten av farge og aroma i saft som blir konsentrert med denne metoden, og også hvor høy konsentreringsgrad en kan oppnå.

Saftfremstillinga og noen av analysene er utført ved Norsk Institutt for Næringsmiddelforskning.

Fremstilling av saft

De surkirsebæra (skyggemorell) som skulle brukes, ble kjøpt inn i august og fryselagret til første uka i januar.


Etter optining ble bæra grovmalt mellom gummivalser uten at steinene ble knust. Bærmassen ble så delt i to porsjoner og varmet opp til 85° C. Den ene porsjonen ble presset direkte, mens den andre ble avkjølt til 50° C og tilsatt 1 g «Pectinol D» pr. kg. Dette preparatet er framstilt av frysetørret mugg (*Aspergillus niger*) og inneholder en serie med pektin- og cellulosespaltende enzym. Enzympreparatet fikk virke i en time før pressing. Begge saftporsjonene ble så varmet til ca. 80° C, avkjølt og satt på kjølerom.

Hyperfiltrering

Til denne prosessen brukte vi et laboratorieanlegg fra De Danske Sukkerfabrikker (DDS), (figur 1), under følgende betingelser: Membran nr. 990 som slipper molekylar med molekylvekt mindre enn 50—200 gjennom, alt etter geometrisk form og størrelse, 0,36 m² membranflate, trykk 3,92 MPa (40 kp/cm²) og temperatur 10° C. Filtreringen foregår ved at vann sammen med lavmolekylære forbindelser «presses» gjennom membranene. For at dette skal være mulig må trykket være større enn det osmotiske trykket i den oppløsningen som skal konsentreres, og derfor kalles hyperfiltrering også ofte for omvendt osmose.

Analysemetoder

Ascorbinsyremengden og mengde antocyaniner (fargestoffkomponenter) ble bestemt ved høytrykks væske kromatografi med kolonne ODS hyperfil 18. Fargen ble bestemt i et Lovibond Schofield Tintometer og regnet om til x og y



Figur 1. De Danske Sukkerfabrikkers laboratorieanlegg for hyper- og ultrafiltrering.
Figure 1. The DDS hyperfiltration laboratory unit.


koordinater og % lyshet i CIE-systemet ved lyskilde C (Wright 1958). Eplesyre og sitronsyre ble bestemt gasskromatografisk etter metylering og med tetradekansyre (C 14) som indre standard. Titrering ble utført med 0,1 NaOH oppløsning til pH 8,3. Saftkvaliteten ble bedømt sensorisk ved «triangeltest». Vi vil vise til Wicklund (1981) når det gjelder nærmere detaljer ved metodene.

Resultater

Utbyttet ble 79 prosent for både enzymbehandlet og ubehandlet saft og ble ikke påvirket av tilsetning av pektinspaltende enzym før safting. Årsaken var muligens at en brukte dypfryste bær og at disse var fullmodne før frysing.

Hyperfiltreringa gikk greit (figur 2), men det viste seg å være vanskelig å komme over 25° Brix. (Refraktometerverdi som i en 25 % sukrose-oppløsning.)


Omtrent 60 % av vannet i safta var da fjernet ved filtreringa. Dette er omtrent den maksimale mengde vann som kan tas bort med denne metoden fordi det osmotiske trykket ved 25° Brix er høyt (Schobinger 1978).



Figur 2. Filtreringstidas innvirkning på flux og på tørrstoffinnholdet målt i °Brix.
 Figure 2. The flux and the °Brix during a concentration periode of six hours.

Eplesyre var den dominerende syra i kirsebærsafta og utgjorde i middel 1,9 % av safta. Det ble dessuten funnet spor av sitronsyre og lavmolekylære eller flyktige syrer (6 mg/100 g). Av eplesyra gikk 10 % over i permeatet, mens 13,4 % av de sure komponentene som ble registrert ved titrering, gikk over. Dette resulterte i en pH stigning under konsentreringa fra 3,2 i saft til 3,4 i ferdig konsentrat. pH i permeatet var relativt konstant på $3,0 \pm 0,03$ i 14 målinger under konsentreringsprosessene.

I gjennomsnitt var det 9,5 mg askorbinsyre pr. liter saft og 2,9 % av dette gikk over i permeatet.



Figur 3. Kromatogram fra høytrykks væskrokromatografi av fargestoff i surkirsebær. Retensjonstida er målt i sekunder.
 Figure 3. Retention times in seconds for High Pressure Liquid Chromatography of colored substances in sour cherries.

Figur 3 viser et typisk kromatogram for antocyaniner i kirsebærsafta. Det ble ikke foretatt videre analyse av de komponentene som ble adskilt ved væskrokromatografi. Usikkerheten ved analysene var betydelige; men de relative tallene tydet på at saft enzymbehandlet før pressing, hadde et noe lavere innhold av antocyaniner enn saft som ikke var behandlet. De relative tallene var henholdsvis 76,2, 98,6 og 72,9 % når arealet av toppene for en ubehandlet saft ble satt til 100 %. Den visuelle fargedømmelsen ved Lovibond Schofield Tintometer i prøver fortennet til samme tørrstoffinnhold (1:20 av tørrstoffinnholdet i safta), ga samme CIE koordinater; fortenninga av konsentratet var noe mørkere enn fortenninga av safta, henholdsvis 40,7 % og 46,7 % lyshet både for enzymbehandlet og ubehandlet saft.

Ved den sensoriske analysen ble saft og fortynnet konsentrat (både enzymbehandlet og ubehandlet) prøvd mot hverandre i 48 triangler. (To like prøver i hver triangeltest). Dessuten ble ubehandlet saft bedømt mot enzymbehandlet. Saft mot fortynnet konsentrat ble bedømt riktig i 36 triangler, enzymbehandlet saft mot fortynnet konsentrat av enzymbehandlet saft i 28 triangler og enzymbehandlet mot ubehandlet i 29 triangler. Alle resultatene var signifikante på 5 % nivået. Generelt var kommentarene til dommerne at saft var mer sur enn fortynnet konsentrat. Den ubehandlede safta ble av noen dommere karakterisert som mildere enn enzymbehandlet og enkelte mente at den sistnevnte hadde en ettersmak.

Litteratur

- Juul, N. V. 1979. Surkirsebær — industriell utnyttelse. NINF-rapport nr. 15.
Schobinger, V. 1978. Obst — und Gemüsesäfte. Verlag Eugen Ulmer, Stuttgart.
Vestrheim, S. 1973. Sortsgransking i surkirsebær. Meld. Norg. Landbr.Høgsk. 52(30):1—23.
Vestrheim, S. 1977. Fruit characteristics in sour cherries as affected by time of harvest. Meld. Norg. landbr.Høgsk. 56(30):1—10.
Wicklund, T. 1981. Utnyttelse av surkirsebær. Framstilling av saft, saftkonsentrat og vin. Hovedoppgave, NLH.
Wright, W. R. 1958. The measurement of Colour. Second ed. Hilger & Watts Ltd., London.
- (Mottatt 24.2.82 og godkjent 31.3.82).

Granulerte insektmiddel i veksttida mot stor kålfluge (*Delia floralis* Fallén) i kålrot

Gudmund Taksdal, Statens forskingsstasjon Særheim,
4062 Klepp st. Melding nr. 77.

The Agricultural Research Station Saerheim,
N-4062 Klepp st., Norway. Report no. 77.

Taksdal, G. 1982. Granulated insecticides used in the growing season to control the turnip root fly (*Delia floralis* Fallén) in swedes. *Forsk. Fors. Landbr.* 33: 19—25.

Key words: *Delia floralis*, chlorfenvinphos, isofenphos, swede, pesticide residues.

Control of *Delia floralis* Fallén in swedes was assessed in 16 field experiments in South-Western Norway in 1979—81. Chlorfenvinphos as granules in early July combined with a soil drench in early August was the most effective treatment. Chlorfenvinphos granules gave much better control than isofenphos granules. Early July applications were more effective than late July ones, also when the root fly oviposited in August. Isofenphos at sowing in addition to chlorfenvinphos in July reduced the effect compared to chlorfenvinphos alone, probably by a reduced Carabid fauna. The average residues in the swedes varied from 0.03 to 0.07 ppm for chlorfenvinphos and from <0.02 to 0.06 ppm for isofenphos.

Rådgerder mot stor kålfluge, *Delia floralis* Fallén blei prøvd i 16 feltforsøk i Sør-Vest-Norge i åra 1979—1981. Best verknad hadde chlorfenvinphos med granulert først i juli kombinert med sprøyting først i august. Granulert av chlorfenvinphos gav betre verknad enn av isofenphos. Strøing i første halvpart av juli gav betre verknad enn i slutten av juli, også når egglegginga kom i august. Strøing med isofenphos ved såing i tillegg til chlorfenvinphos i juli sette ned verknaden i samanlikning med chlorfenvinphos aleine, truleg ved å redusere tal løpebiller. I medel varierte restmengdene i røter frå 0,03—0,07 mg/kg for chlorfenvinphos og frå <0,02—0,06 mg/kg for isofenphos.

Innleiing

Bruk av insektmiddel i granulert form samstundes med såing eller planting har vore tilrådd her i landet mot kålfluger i mange år (Taksdal og Nordby 1966, Nordby og Rygg 1968). I direkte sådd kålrot har dette ikkje alltid gitt tilfredsstillande verknad. Særleg har slik bruk svikta på Sør-Vestlandet. Her er ofte våronna tidleg samstundes med at stor kålfluge har ekstra sein klekke- og eggleggingsstid (Lein 1955, Rygg 1962).

I åra 1979—81 gjennomførde derfor SF Særheim forsøk mot kålfluger i kålrot der hovudspørsmålet var prøving av strøing med granulerte middel i veksttida. Planane var utarbeidde i samråd med Statens plantevern. Forsøksringar i Rogaland og Agder var feltstyrarar for 13 av dei 16 felta. Restmengdeanalysane er utførde av Pesticidavdelinga ved Kjemisk analyselaboratorium, Norges landbrukshøgskole.

Materiale og metodar

Forsøka blei utlagde som vanlege blokkforsøk med 3 (1980, 1981) eller 4 (1979) gjentak. Tilsaman blei 16 forsøk gjennomførde. Tabell 1 gir opplysningar om dei einiskilde felta.

Tabell 1. Opplysningar om forsøksfelta.
Table 1. Information about the field experiments.

Forsøksstad	År	Sort	Datoar for middelbruk			Jordart ¹⁾
			Strøing Tidleg	- Granules Sein	Snrøytingar Drenches	
<i>Locality</i>	<i>Year</i>	<i>Variety</i>	<i>Early</i>	<i>Late</i>		<i>Soil types ¹⁾</i>
Klepp(Særheim)	1979	Ruta	6/7	25/7	3/8, 22/8	a
Klepp(Vik)	1979	"Bangholm"	12/7	24/7	1/8, 24/8	c
Kvinesdal	1979	Olsgård	5/7	25/7	1/8, 17/8	c
Ølen	1979	Olsgård	10/7	25/7	1/8, 18/8	a
Birkenes	1980	Gry	4/7	22/7	28/7, 18/8	a
Klepp(Sele)	1980	"Bangholm"	10/7	30/7	1/8, 19/8	a
Klepp(Særheim)	1980	Ruta	3/7	25/7	1/8, 21/8	a
Kvinesdal	1980	Ruta	5/7	23/7	4/8, 20/8	d
Lund	1980	Gry	7/7	25/7	8/8, 21/8	b
Strand	1980	Gry	4/7	24/7	4/8, 20/8	a
Ølen	1980	"Bangholm"	8/7	24/7	31/7, 19/8	a
Klepp(Særheim)	1981	Ruta	10/7		29/7, 20/8	a
Kvinesdal	1981	Ruta	10/7		31/7, 20/8	d
Sauda	1981	"Bangholm"	15/7		5/8, 21/8	a
Sola	1981	Altasweet	10/7		30/7, 21/8	a
Tysvær	1981	Gokstad	7/7		28/7, 24/8	a

- 1) a=Moldholdig morene, *morainic soil*, 3-6% organic matter
 b=Moldrik morene, *morainic soil*, 6-15% organic matter
 c=Moldholdig sandjord, *sandy soil*, 3-6% organic matter
 d=Moldrik sandjord, *sandy soil*, 6-15% organic matter

Følgjande kjemiske middel var med i forsøka (namn på handelspreparat i parantes): Chlorfenvinphos, 10 % granulat («Birlane»), chlorfenvinphos, 24 % emulsjon («Birlane Emulsjon»), diazinon, 23 % emulsjon («Basudin 25»), og isofenphos, 7,5 % granulat («Oftanol Granulat»). Både ved strøing og sprøyting blei midla fordelte jamnt langs planterekkene på begge sider ved jordoverflata. Granulat blei litt overmolda.

Tabell 2. Chlorfenvinphos og isofenphos mot stor kålfluge i kålrot 1979 (4 felt) og 1980 (7 felt).
Table 2. Chlorfenvinphos and isofenphos for the control of the turnip root fly in swedes in 1979 (4 field experiments) and 1980 (7 field experiments).

Ledd	g v.s./daa	Avling kg røter/daa	Angreptstal	% verknad	
Treatment	g a.i./daa	Yield kg roots/daa I alt Klasse I	Index of attack	% effect	
		Total First grade			
Chlorfenvinphos					
a. Strøing først i juli <i>Granules in early July</i>	250	6370	4870	24	59
b. Strøing sist i juli <i>Granules in late July</i>	250	6300	4190	35	41
c. a+1 sprøyting i august <i>a+1 drench in August</i>	500	6600	5600	18	69
d. To sprøytingar i august <i>Two drenches in August</i>	500	6170	4570	28	53
Isofenphos					
e. Strøing først i juli <i>Granules in early July</i>	250	6160	3380	41	31
f. Strøing sist i juli <i>Granules in late July</i>	250	6010	2800	48	19
Statistisk analyse 1) <i>Statistical analyses 1)</i>		XX	XX	XX	
Kontroll <i>No treatment</i>		5780	2280	59	

1) XX= signifikant på 1% nivå, *statistically significant at 1% level.*

Forsøksplanane går fram av tabell 2 og 3. I 1979 og 1980 blei det nytta 250 g verksamt stoff (g v.s.) pr. daa ved all middelbruk, og 500 l væske pr. daa ved sprøyting. I 1981 blei det ved sprøyting nytta 70 g v.s. i 300 l væske pr. daa. Etter retningslinene skulle tidleg strøing i veksttida utførast omlag 5. juli (1979 og 1980) eller omlag 10. juli (1981), og sein strøing omlag 25. juli.

Hausterutene var 2 rader à 10 m. Ved hausting blei røtene sorterte i 4 grupper etter angrepsstyrke av kålflugene, med seinere utrekning av angreptstal og prosent verknad slik det er vanleg i norske forsøk (t.d. Lein 1955, Rygg 1962). Røter utan angrep pluss røter med svakt angrep utgjør den delen av avlinga som for angrepet sin del kan gå til matkålrot i klasse I, og er tatt med i tabell 2 og 3. Observasjonar av larver i røtene, og resultat av klekkeobservasjonar av pupper frå kålrotfelt, viser at stor kålfluge var heilt dominerande i angrepa.

Tabell 3. Chlorfenvinphos, isofenphos og diazinon mot stor kålfluge i kålrot 1981 (5 felt).
 Table 3. Chlorfenvinphos, isofenphos and diazinon for the control of the turnip root fly in swedes in 1981 (5 field experiments).

Ledd <i>Treatment</i>	g v.s./daa <i>g v.s./daa</i>	Avling kg røter/daa <i>Yield kg roots/daa</i>		Angrepstal <i>Index of attack</i>	% verknad <i>% effect</i>
		I alt <i>Total</i>	Klasse I <i>First grade</i>		
Isofenphos					
a. Strøing ved såing <i>Granules at sowing</i>	250	6380	3220	51	11
Chlorfenvinphos					
b. Strøing først i juli <i>Granules in early July</i>	250	7130	6030	20	65
c. To sprøytingar i august <i>Two drenches in August</i>	70+70	6220	3930	39	32
Isofenphos+chlorfenvinphos					
d. a + b	250+250	6510	4770	27	53
e. a + 1 sprøyting i august <i>a + 1 drench in August</i>	250+70	6360	3850	41	28
Diazinon					
f. To sprøytingar i august <i>Two drenches in August</i>	70+70	6870	4433	38	33
Statistisk analyse 1) <i>Statistical analyses 1)</i>		<i>Not.sign.</i>	XX	XX	
Kontroll. <i>No treatment</i>		6540	2760	57	

1) XX = signifikant på 1% nivå, *statistically significant at 1% level*


Resultat og drøfting

I sams analyse for 11 felt (tabell 2) gav chlorfenvinphos ved begge strøings-tidene omlag dobbel så høg prosent verknad som isofenphos. Skilnaden utgjorde 1490 kg pr. daa av røter i kl. I etter strøing først i juli. Liknande skilnad i kålrot viste seg også etter strøing i vekstida i Skottland (Shaw 1977), medan skilnaden var mindre etter strøing ved planting av kålrot i Nord-Norge (Hals 1977).

Samla gav også strøing med chlorfenvinphos først i juli betre resultat enn to sprøytingar i august, sjølv om det til saman blei nytta dobbel mengd verksamt stoff pr. daa ved sprøyting. Men her var skilnaden liten i somme av einskildfelta, også med døme på utslag i motsett retning.

Den mest effektive kombinasjonen av to gongers middelbruk var å nytte chlorfenvinphos strøing først i juli pluss ei sprøyting med same middel først i august. Denne kombinasjonen låg best i forsøka (tabell 2). I gjennomsnitt auka sprøytinga totalavlinga med 230 kg og avling i kl. I med 730 kg pr. daa samanlikna med berre strøing.

I forsøka varierte strøingstidene ved tidleg strøing frå 3/7 til 15/7, og ved sein strøing frå 22/7 til 30/7 (tabell 1). Dette gjorde det mogeleg å analysere samanhengen mellom strøingsdato og prosent verknad i ein tredje grads regresjonsanalyse. Det var ingen tendens til minkande verknad i første halvpart av juli, medan verknaden såg ut til å falle raskt mot slutten av månaden (fig. 1) At første strøingstid låg klart betre enn siste går også fram av tabell 2. Denne



Figur 1. Samanhengen mellom dato for strøing med chlorfenvinphos i juli og prosent verknad mot stor kålfluge ($R^2 = 0,334^{XX}$). Åpne sirklar: moldholdig jord. Fylte sirklar: moldrik jord.
 Figure 1. The relationship between date of application of chlorfenvinphos granules in July and percent effect in control of the turnip root fly. ($R^2 = 0,334^{XX}$). Open circles: 3–6 % organic matter in soil. Closed circles: 6–15 % organic matter in soil.

skilnaden var tydeleg også i felt der flugeklekking og egglegging kom etter siste strøing. Den viktigaste årsaka til dette er truleg at det verksame stoffet blir frigjort frå granulata i lang tid etter strøing. I følgje Read (1969, 1971) kan det i somme høve ta opptil ein måned før granulata av chlorfenvinphos når høgast verknad.

Stort sett var det moldholdig morene eller sandjord i felta, men tri felt låg på moldrik jord (tabell 1). Desse felta merkte seg gjennomgåande ut med dårleg verknad av kjemiske middel, slik det også går fram for strøing med chlorfenvinphos på fig. 1. På moldholdig jord gav chlorfenvinphos i gjennomsnitt 65 og 47 % verknad ved tidleg og sein strøing, medan dei tilsvarande tala på moldrik jord var 43 og 13 %.

På grunn av dei klare utslaga i 1979 og 1980 blei planane lagd noko om i 1981 (tabell 3). Siste strøingstida blei sløyfa. I staden blei isofenphos prøvd til strøing ved såing med tanke på tidlege angrep av lita kålfluge. Diazinon blei tatt med til sprøyting i august sidan det er mindre toksisk og har kortare bruksfrist enn chlorfenvinphos. I dei ledd der middelbruken er den same er det fullt samsvar mellom resultatene i 1981 (tabell 3) og i 1979–80 (tabell 2).

Det blei svake angrep av lita kålfluge tidleg i sesongen, og strøinga med isofenphos ved såing gav liten verknad. I kombinasjon med chlorfenvinphos strøing gav isofenphos ved såing negativt utslag i høve til chlorfenvinphos brukt aleine. Prosent verknad blei redusert med 12 einingar og avling røter i kl. I med 1260 kg/daa (tabell 3). Dette har truleg samanheng med påverknad på naturlege fiendar. Chlorfenvinphos er lite giftig for løpebiller og den viktigaste snyltevepsarten på kålfluger, medan dette ikkje er tilfelle for isofenphos (Hassan 1969, 1973, Finlayson et al. 1980). Andersen (1982 a, 1982 b) fann at bruk av isofenphos i sårada til kålrot reduserte løpebillefaunaen ein stor del av vekstsesongen etterpå. Fallfeller i kålrotfelt på Jæren 1979—81 gav relativt store fangstar av løpebiller (ikkje publisert), og det er tidlegare påvist parasittering av snylteveps i norske kålflugepopulasjonar (Sundby & Taksdal 1969). Utslaget i forsøka tyder på at påverknaden har vore på løpebiller (tabell 3).

Med to sprøytingar i august har chlorfenvinphos og diazinon kome nokså likt ut i angrepstal, men både samla avling og avling kl. I er noko høgare etter bruk av diazinon.

Tabell 4. Restmengder av chlorfenvinphos og isofenphos i kålrot frå 2 forsøk pr. år. SF Særheim og Jæren forsøksring.

Table 4. Residues of chlorfenvinphos and isofenphos in swedes from two field experiments per year.

Ledd <i>Treatment</i>	År <i>Year</i>	g v.s./daa <i>g a.i./daa</i>	Dagar 1) <i>Days 1)</i>	Restmengder mg/kg <i>Residues p p m</i>		Tal analysar <i>Nos. of analyses</i>
				Middel 2) <i>Average 2)</i>	Variasjon <i>Range</i>	
Chlorfenvinphos						
a. Strøing først i juli <i>Granules in early July</i>	1979	250	90-112	0,04	0,05-0,03	3
	1980	250	31- 68	0,03	0,03-<0,03	4
	1981	250	41- 84	0,03	0,14 ³⁾ -<0,01	12
b. Strøing sist i juli <i>Granules in late July</i>	1979	250	71-131	0,07	0,12-0,03	4
	1980	250	9- 48	0,03	0,03-0,01	4
c. a+1 sprøyting i august <i>a+1 drench in August</i>	1979	250+250	61- 85	0,06	0,07-0,04	4
	1980	250+250	2- 46	0,03	0,04-<0,03	4
	1981	250+ 70	32- 52	0,05	0,05-0,04	2
d. To sprøytingar i august <i>Two drenches in August</i>	1979	250+250	40- 64	0,06	0,08-0,04	4
	1980	250+250	2- 28	0,03	0,02-<0,03	4
	1981	70+70	21- 42	0,03	0,08-<0,01	4
Isofenphos						
e. Strøing ved såing <i>Granules at sowing</i>	1981	250	99-141	0,02	0,02 ³⁾ -<0,01	18
f. Strøing først i juli <i>Granules in early July</i>	1979	250	83-112	0,03	0,05-0,02	4
	1980	250	31- 68	< 0,02	<0,02-<0,02	4
g. Strøing sist i juli <i>Granules in late July</i>	1979	250	71-109	0,06	0,16-0,02	4
	1980	250	9- 48	<0,02	<0,02-<0,02	4

1) Minste og største tal dagar frå siste middelbruk til prøvetaking
Lowest and highest nos. of days from last application to sampling

2) Verdiane <0,01 og <0,03 rekna som 0,01 og 0,03 i gjennomsnitte.
The values <0,01 and <0,03 counted as 0,01 and 0,03 in the averages

3) Verdier frå svært små røter (\bar{x} =130 g).
Values from very small roots (\bar{x} =130 g).

Resultat av restmengdeanalysane er vist i tabell 4. Restmengdene var gjennomgåande svært låge, og låg ofte under detekteringsgrensa, også etter mykje kortare tid mellom bruk og prøvetaking enn moegelege bruksfristar. Det var ingen tendensar til auka restar ved bruk av granulat først i juli i høve til sprøyting i august. Etter bruk av isofenphos er prøvene også analyserte for isofenphosoxon, utan at det blei funne. Detekteringsgrensa for denne sambindinga er 0,1 mg/kg.

Ved ei samla vurdering kan ein trekkje følgjande konklusjon: Strøing med chlorfenvinphos i første halvpart av juli var den mest effektive einskildbehandlina. Sprøyting først i august i tillegg gav ei verdfull forbetring av verknaden. To sprøytingar i august gav dårlegare verknad enn strøing med chlorfenvinphos i juli pluss en sprøyting i august. Materialet tyder på at det er lite skilnad mellom chlorfenvinphos og diazinon til sprøyting i august. Også etter dei mest effektive behandlingane i desse forsøka kan ein somme gonger få for sterke angrep av stor kålfluge i kålrot. Det gjeld særleg på moldrik jord. Alle behandlingane førde til små restmengder.

Litteratur

- Andersen, A. 1982 a. Nyttige biller i kampen mot kålfluene. *Aktuelt fra SFFL* (2):131—138.
- Andersen, A. 1982 b. The effect of different dosages of isofenphos on Carabidae and Staphylinidae. (Seen in manuscript).
- Finlayson, D. G., J. R. Mackenzie, & C. J. Campbell, 1980. Interactions of insecticides, a carabid predator, a staphylinid parasite, and cabbage maggots in cauliflower. *Envir. Ent.* 9:789—794.
- Hals, A. 1977. Kålfluene *Hylemya brassicae* (Bouché) og *H. floralis* (Fall.) (Dipt.: Muscidae) bekjempelse i kålrot i Nordland og Troms. *Forsk. Fors. Landbr.* 28:383—395.
- Hassan, S. A. 1969. Observations on the effect of insecticides on coleopterous predators of *Erioi-schia brassicae* (Diptera: Anthomyiidae) *Entomologia exp. appl.* 12:157—168.
- Hassan, S. A. 1973. The effect of insecticides on *Trybliographa rapae* West. (Hymenoptera: Cynipidae), a parasite of the cabbage root fly *Hylemya brassicae* (Bouché). *Z. angew. Ent.* 73:93—102.
- Lein, H. 1955. Kålfluene (*Hylemyia brassicae* Bouché & *H. floralis* Fallén) undersøkelser over deres biologi og bekjemping i Norge. *Melding fra Statens plantevern*, nr. 9, 65 s.
- Nordby, A. & T. Rygg, 1968. Bekjempelse av kålfluer i kålrot ved tilføring av granulat samtidig med såing. *Norsk landbr.* (5):12—13,31.
- Read, D. C. 1969. Persistence of some newer insecticides in mineral soils measured by bioassay. *J. econ. Ent.* 62:1338—1342.
- Read, D. C. 1971. Bioactivity and persistence of some new insecticides in a mineral soil. *J. econ. Ent.* 64:800—804.
- Rygg, T. 1962. Kålfluene *Hylemya brassicae* (Bouché) og *H. floralis* (Fallén) (Dipt.: Anthomyiidae) Undersøkelser over klekketider og bekjempelse i Norge. *Forsk. Fors. Landbr.* 13:85—114.
- Shaw, M. W. 1977. Turnip root fly control. *Proceed. of a Symp. on Probl. of Pest and Disease Control in Northern Britain. University of Dundee 1977*:62—64.
- Sundby, R. A. & G. Taksdal 1969. Surveys of parasites of *Hylemya brassicae* (Bouché), and *H. floralis* (Fallén) (Diptera, Muscidae) in Norway. *Norsk ent. Tidsskr.* 16:97—106.
- Taksdal, G. & A. Nordby, 1966. Granulerte skadedyrmedler i kål mot angrep av kålfluer. *Gartner-yrket* 56:320.

(Mottatt 25.2.82 og godkjent 10.3.82).



Nitrogenfordeling til sein kvitkål

Steinar Dragland, Statens forskingsstasjon Kise,
2350 Nes på Hedmark. Melding nr. 55.

Kise Agricultural Research Station,
N-2350 Nes på Hedmark, Norway. Report No. 55.

Dragland, S. 1982. Timing of N-application to late cabbage. *Forsk. Fors. Landbr.* 33: 27—35.

Key words: N-application, cabbage, plant nutrient uptake, growth, yield, quality.

Compared to a single N-application (250 kg N per ha) to late cabbage at transplanting, the same fertilizer quantity divided between five applications, led to:

1. Less decline in percent N in dry matter (DM) during growth.
